



# Innkalling av Kommunestyret

**Møtedato:** 06.05.2021  
**Møtestad:** Bryggjeslottet på Mo  
**Møtetid:** 09:00 - 15:00

## Orientering frå barnevernstenesta klokka 0900

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
018/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/2021	Godkjenning av møteprotokoll
020/2021	Orienteringssaker
021/2021	Revisjon av etiske retningsliner for Modalen kommune
022/2021	Søknad om stønad frå Næringsfondet - "Arbeid til alle", prosjektfase 1
023/2021	Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall for deltakarkommunane i NGIR
024/2021	Innkjøpsreglement for Modalen kommune
025/2021	Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse

28. april 2021

Kjetil Eikefet  
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/104

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/2021	Kommunestyret	PS	06.05.2021

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	21/104

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/2021	Kommunestyret	PS	06.05.2021

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 25.03.2021

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/104

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/2021	Kommunestyret	PS	06.05.2021

### Orienteringssaker

#### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
020/2021.1	Planprogram for regional plan for klima på høyring

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Planprogram for regional plan for klima på høyring

Planprogram regional plan for klima - oppstartsvarsel og vedtak om utlegging av utkast til offentlig ettersyn.pdf

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021.pdf

Høyringsutkast planprogram - Regional plan for klima.pdf

AcosSvarInn.xml

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-062	15/324

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
021/2021	Kommunestyret	PS	06.05.2021

## Revisjon av etiske retningslinjer for Modalen kommune

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek «Etiske retningslinjer – revidert utgåve 2021» slik dei ligg føre.

### Saksopplysningar:

Modalen kommune har gjennom sitt kvalitetssystem lagt til rette for at ulike styringsdokument med jamne mellomrom vert reviderte. Slik sikrar me at dokumenta våre til ei kvar tid er relevante.

Gjeldande «Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Modalen kommune» vart vedtekne i kommunestyret i 2010. Då det skulle vurderast om desse skulle reviderast vart spørsmålet tatt opp med dei tilsette gjennom deira hovudtillitsvalde (HTV) i møte 23. februar 2021. HTV bad samrøystes om at rådmannen gjennomførte revisjon.

### Bakgrunn

Den reviderte utgåve av etiske retningslinjer er bygd på gjeldande versjon. I tillegg har ein lagt til grunn råd og døme frå KS for å sjå til kva som kan/bør vere relevant å sikre å ta med vidare. KS viser til aktuelle kommunar som kan nyttast som døme. I tillegg har ein vurdert kva som skal vere viktig i Modalen:

- Dei skal vere konkrete og dei skal trekkje opp klare grenser
- Dei skal vere relevante for tilsette/folkevalde sin kvardag
- Dei skal ha avgrensa omfang og vere enkle å setje seg inn i

Retningslinjene er ikkje eit juridisk dokument som klargjer i detalj – men retningslinjer. Føremålet med retningslinjene er mellom anna at dei skal hjelpe oss alle til å handle rett. Dess meir krevjande situasjonar me vert ein del av, dess viktigare vert det å ha eit felles grunnlag å navigere utifrå.

**Vurdering**

Revidert utgåve er drøfta i rådmannen si leiargruppe 21.04.21, samt med HTV i møte 27.04.21.

Rådmannen si vurdering er at det er gjort ei godt revisjonsarbeid som også er godt forankra blant dei tilsette sine representantar. Sidan retningslinene også gjeld for dei folkevalde er det naturleg at revidert utgåve vert drøfta i kommunestyret før evt. vedtak. Slik revidert utgåve framstår no er det rådmannen si vurdering at dei vil på godt vis kunne vere eit godt og viktig navigasjonsinstrument i åra som kjem.

**Konklusjon**

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek «Ethiske retningsliner – revidert utgåve 2021» slik dei ligg føre.

**Vedlegg:**

Ethiske retningsliner - revidert utgåve 2021

Ethiske retningsliner for tilsette og folkevalde, vedteke i KS 09.12.2010, sak KS 039-10

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FA-X61	20/19

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
022/2021	Kommunestyret	PS	06.05.2021

## Søknad om stønad frå Næringsfondet - "Arbeid til alle", prosjektfase 1

### Forslag til vedtak:

**Modalen kommune vedtek «Prosjektmandat – Arbeid til alle» slik det ligg føre, og løyver inntil kr. 350 000,- i tilskot frå Næringsfondet til gjennomføring av prosjektfase 1.**

### Saksopplysningar:

Formannskapet drøfta i møte 3. februar 2020 prosjektskisse som omhandlar «Arbeid til alle» og fatta følgande vedtak:

*Formannskapet er positiv til prosjektet, og bed administrasjonen kome tilbake med ei næringsfondstyresak til handsaming og vedtak i kommunestyret*

Ass. rådmann og leiar for kundetorget gjennomførte eit møte 16.10.20 med leiar for NAV Fensfjorden, leiar for NAV Nordhordland, og leiar for helse og omsorg i Masfjorden kommune tok del. Tilbakemeldinga var positiv med oppmoding om å gå vidare med arbeidet.

Bakgrunn for prosjektet er at det i ein liten kommune som Modalen likevel er personar som av ulike grunnar ikkje kjem inn på arbeidsmarknaden.

Rådmannen ynskjer med prosjektet å undersøkje kva moglegheiter som ligg i det kommunale tenesteapparatet, men som ikkje er tilstrekkeleg utnytta enno. Det er ynskjeleg å sjå moglegheitar i samanheng med aktørar som NAV og evt. lokalt næringsliv m.m.

Prosjekttanken inneber å ikkje einseitig fokusere på å etablere tiltaksplassar, men å sjå på kva tenestebehov som er gjeldande no og i tida framover i Modalen for å sikre eit godt liv for innbyggjarane. Ei målsetjing vert å undersøkje korleis innretninga kan vere både økonomisk og sosialt berekraftig.

## Bakgrunn

Temaet vart m.a. drøfta i innbyggjarmøter forkant av kommunevalet i 2019. Det er også uttalt ei bekymring frå Helseneteret si avdeling for psykisk helse om at det er behov for å imøtekomme dei utfordringar som det å stå utanfor arbeidslivet skapar.

Eit perspektiv å vurdere er dei ulike teneste-/velferdsbehova som vil dukke opp dei næraste 10-åra knytt til at kommunen får stadig fleire eldre som lever lenger. Desse skal i størst mogleg grad få bu heime så lenge dei vil. Kva utfordringar skapar dette knytt til enkel hjelp med vedlikehald, sosial støtte, logistikkutfordringar m.m. Kan me gjennom å lage porten inn til arbeidslivet noko breiare imøtekomme somme av desse utfordringane? Det vil samstundes kunne bidra til tanken om at folk er den viktigaste ressursen for eit lokalsamfunn, og eit steg i retning av eit varmare, men og eit nyskapande lokalsamfunn.

## Økonomi

Samla prosjektkostnad er rekna til kr. 410 000,- kor det vert søkt om tilskot på kr. 350 000,- frå næringsfondet. Søknadssum utgjer 85,4 % av samla rekna kostnader.

## Vurdering

Rådmannen si vurdering er at det bør gjennomførast eit prosjekt som skal danne grunnlag for å vurdere om det er føremålstenleg å gå vidare på denne vegen. Det vert viktig i eit verdiperperspektiv å arbeide for vegar inn i arbeidslivet for innbyggjarar som på ulike vis og i ulike omfang kan ta del, men som i dag står utanfor.

Å gjennomføre prosjektet vil danne grunnlag for diskusjonar, fokus på eit viktig samfunnsområde, samt moglegheiter for å finne nye vegar framover. Det har såleis verdi for Modalen kommune å få meir kunnskap om moglegheiter.

Temaet er stort, og har vore arbeidd med på nasjonalt hald over mange år. Det finn utallige vegar og perspektiv. Likevel står lokalsamfunna – som Modalen – att med den same utfordringa; korleis kan me syte for at så få som mogleg står utanfor arbeidslivet.

I *strategisk næringsplan for Modalen kommune* er det under fokusområdet «Gründer, etablering, entreprenør og innovasjon» peika på at:

- det skal aktivt støttast opp under forstudiar til nye idèar og innovasjon gjennom næringsfondet.
- prioritere forrentningsidèar/tiltak som støttar opp under berekraftig utvikling.

Under fokusområdet «Kompetanse og samarbeid»:

- leggje til rette for integrering i arbeidslivet.

Vidare peiker strategisk næringsplan på at:

*«Næringsfondet skal vere eit verkemiddel for næringslivet i Modalen og Modalen kommune i arbeidet med å fremje og styrkje næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. Strategisk næringsplan (SNP) er styringsdokument for støtte gjeven frå næringsfondet. Sentrale kriteriar i vurderinga er grad av sysselsetjings- og busetnadseffekt, og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemder».*



Rådmannen si vurdering er at dette er eit særleg tilfelle som potensielt kan gje fleire varige arbeidsplassar. Dette, inkludert dei moglegheitane som ligg i prosjektet i forhold til at målgruppa er mangfaldig, peiker mot at stønad utover kategori 3 (inntil 50 % stønad) kan tildelast.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek prosjektmandat som ligg føre, samt løyver iintil kr. 350 000,- i tilskot til gjennomføring av prosjektfase 1.

### **Vedlegg:**

Prosjektmandat - arbeid til alle

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Njål Bolstad Eidsnes		21/111

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/2021	Kommunestyret	PS	06.05.2021

## Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall for deltakarkommunane i NGIR

### Forslag til vedtak:

Forslaget til ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall for deltakarkommunar i NGIR blir lagt ut på høyring

Høyringsfristen er seks veker

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Etter forureiningslova § 30 er kommunane ansvarleg for innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.

I Modalen kommune er det Nordhordland Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR) som syt for innsamling og handsaming av hushaldningsavfallet. NGIR er eit felles selskap oppretta til dette føremål, og Modalen kommune er deltakar i NGIR saman med kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Solund.

Gjeldande forskrift; «Forskrift for innsamling av forbruksavfall» blei vedteke av deltakarkommunane i 2000 og forskrifta har vore gjeldande i 20 år. I løpet av denne perioden har NGIR gjort seg erfaringar med omsyn til korleis forskrifta har fungert i praksis. I tillegg har det i perioden utvikla seg nye løysingar, metodar og behov til renovasjon for hushaldningsavfall. Dette tar ikkje gjeldande forskrift fullt ut høgde for.

NGIR har i perioden særleg erfart at forskrifta er lite presis med omsyn til ansvars- og oppgåvefordeling mellom den enkelte kommune og NGIR, og brukarane (abonnentane) har oppfatta at det er uklart kven dei faktisk skal forhalde seg til.

Vidare har forskrifta både formelt og praktisk vist seg å gjera ei rekke typiske oppgåver knytt til renovasjonen unødig tungvint for både kommunane, NGIR og brukarane.

Gjeldande forskrift har òg gitt grunn til å stille spørsmål ved om det er treft tilstrekkeleg klare kommunale vedtak knytt til ansvars- og oppgåvefordeling. Slik gjeldande forskrift er utforma, har det vore naudsynt at kommunane har treft særskilde vedtak som gjev NGIR moglegheit til å treffa eigne vedtak, eller for å kunna utføra oppgåvene etter forskrifta.

NGIR har dermed sett ei trong for at kommunane oppdaterer den lokale forskrifta, slik at forskrifta i større grad legg til rette for ein hensiktsmessig oppgåvefordeling og effektiv ressursutnytting både i kommunane og NGIR. I tillegg vil dette gjere det meir oversikteleg og enklare for brukarane å forstå kven dei skal rette seg mot.

Ein tydeleggjering av forskrifta vil òg i større grad kunna sikra ein heilskapleg praksis på tvers av deltakarkommunane i NGIR.

NGIR har òg sett eit behov for at forskrifta blir meir dynamisk, slik at det blir enklare å tilpassa seg utvikling og endringar, utan at dette krev ei endring av sjølve forskrifta. Forslaget til ny felles forskrift inneheld difor eit større innslag av heimlar for å vedta retningslinjer og rettleiarar som kan oppdaterast oftare enn forskrifta.

## **Vurdering**

Føremål:

Føremålet med ny felles forskrift er at deltakarkommunane i NGIR får ei forskrift som ryddar opp i uklarheiter som har vist seg, og som vil fungere som eit godt grunnlag for den felles renovasjonen i kommunane.

Konsekvensar av forslaget:

Forslaget til ny felles forskrift får ingen vesentleg innverknad på renovasjonsordninga. Forslaget legg likevel til rette for ein meir effektiv ressursutnytting både i NGIR og kommunane og avgrensar trongen for hyppig formell oppfølging frå kommunen si side.

Forskrifta vil ikkje ha noko negativ innverknad på miljøet, og vil til dels styrke oppfølginga i den samanheng.

Forslaget vil ikkje medføre økonomiske konsekvensar.

Forslaget:

Forslaget til ny felles forskrift for deltakarkommunane i NGIR er i all hovudsak ei revidering og presisering av gjeldande forskrift. I alt det vesentlege vil det som ligg i gjeldande forskrift vidareførast.

Dei viktigaste endringane er:

- Det slåast fast at NGIR får einerett innanfor deltakarkommunane til å stå føre

innsamling og handsaming av hushaldningsavfall

- NGIR får heimel til å vedta rettleiarar, retninglinjer som gjer nærmare informasjon og føringar for forskrifta sine bestemningar og renovasjonsordninga elles. Ein får då ein meir oversiktleg forskrift, og detaljar kan gjevast med heimel i forskrifta.
- Det er gjort eit tydelegare skilje mot næringsverksemd – som fell utanfor forskrifta.
- Det er gjort tydelegare kva mynde NGIR har med omsyn til kontroll og sanksjonar.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at ny forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall for deltakarkommunane i NGIR blir lagt ut på høyring. Høyringsfristen er seks veker.

### **Vedlegg:**

Renovasjonsforskrift nynorsk utkast til kommunane - endeleg NGIR 26102020

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Magne Verpelstad	FE-145	20/393

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
024/2021	Kommunestyret	PS	06.05.2021

## **Innkjøpsreglement for Modalen kommune Nytt kapittel til Økonomireglementet**

### **Forslag til vedtak:**

**Framlegg til innkjøpsreglement for Modalen kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

**Innkjøpsreglementet vert lagt inn som eige kapittel i Modalen kommune sitt økonomireglement.**

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Modalen kommune sitt innkjøpsreglement har behov for oppdatering. Reglementet har ikkje vorte oppdatert etter ny forskrift frå 01.01.2017.

Nordhordland revisjon gjennomførte forenkla etterlevingskontroll på innkjøpsområdet hausten 2020 på området «Offentlege anskaffingar etter FOA del 1». Dette er anskaffingar i beløpsintervallet 0,1 mill til 1,3 millionar. Slike anskaffingar er omfatta av regelverket om offentlege innkjøp, med krav til konkurranse, men ingen formelle krav til prosedyre. Kontrollen synleggjorde m.a. behov for oppdatering av gjeldande reglement, samt behov for betre etterleving av retningslinene når det gjeld dokumentasjon/protokollføring av gjennomførte prosessar i samband med slike innkjøp.

#### **Vurdering**

Etterlevingskontrollen var til handsaming i Kontrollutvalet i september 2020. Som oppfølging av kontrollen, har administrasjonen laga framlegg til nytt innkjøpsreglement for Modalen kommune.

Nytt innkjøpsreglement vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning. Reglementet er oppdatert i tråd med gjeldande forskrift for offentlege anskaffingar, jfr lov om offentlege anskaffingar.

Føremålet er å sikre at kommunen sine innkjøp vert utført i tråd med gjeldande lovar, forskrifter og

retningslinjer, og skal medverke til effektiv og god økonomiforvaltning og hindre økonomisk utruskap.

Innkjøpsreglementet vil verte lagt inn som eit kapittel i Økonomireglementet jfr KS-sak 063/2020 der framlegg til Økonomireglement vart vedteke og det vart lagt til grunn at økonomireglementet ville verte utfyllt med fleire område/kapittel etter kvart.

### **Konklusjon**

Framlegg til innkjøpsreglement vert lagt fram for kommunestyret med tilråding om godkjenning/vedtak.

### **Vedlegg:**

Innkjøpsreglement 2021 - til behandling i kommunestyret 06.05.21

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø		21/105

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
025/2021	Kommunestyret	PS	06.05.2021

## Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse

### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek «Rekrutteringstiltak sjukepleiar 2021 – 2022» slik dei ligg føre.

### Saksopplysningar:

Pleie- og omsorgstenesta i Modalen kommune (PLOMS) har over fleire år hatt store utfordringar med å rekruttere tilstrekkeleg med sjukepleiarkompetanse. Dersom ein ikkje klarer å skaffe tilstrekkeleg med autorisert personell, vil det tyde at Modalen kommune ikkje vil kunne ivareta lovkrava til drift av Modalstunet m/ tilhøyrande heimetenester.

Rådmann og ass. rådmann har drøfta med dei hovudtillitsvalde (HTV) dei rekrutteringsforslaga som her vert lagt fram. HTV stiller seg bak tiltaka. Sidan Norsk sjukepleiarforbund (NSF) på det aktuelle tidspunktet ikkje hadde tillitsvaldrepresentasjon i Modalen, sendte rådmannen forslag til rekrutteringspunkt til NSF Vestland. Rådgevar Svein Helge Hopland hjå NSF svara på innspela. Tilbakemeldinga (motteke 07.04.21) var positiv og NSF peika på at dette var gode punkt, og at det også var viktig å ivareta allereie tilsette sjukepleiarar.

Rådmannen vil vise til lønspolitisk retningsline (vedteke i kommunestyret i 2017) for korleis kommunen skal handsame tilsette – også med omsyn til rekruttering. HTV og rådmannen er samde om at det med dei utfordringar som ligg føre er naudsynt å iverksetje tiltak som går utover retningslinene, og som berre gjeld for sjukepleiarar i turnus innanfor pleie- og omsorgstenesta. Tiltaka skal gjelde ut 2022, for deretter å bli evaluert.

### Bakgrunn

Det er fleire årsaker til manglande sjukepleiardekning i Modalen. Me har trong for både erstattarar når nokon sluttar, samt å auke opp bemanninga frå der me er i dag.

Det er lyst ut etter sjukepleiarar ved jamne mellomrom utan at det lukkast å få tilsett tilstrekkeleg tal. Me har prøvd ut med delar av stillinga som administrativ (fagutvikling m.m.) for å lette børa samt gje

meir fagutvklingsinnhald. I tillegg søkte me å tilsetje ass. leiar for pleie og omsorg kor halve stillinga var administrativ og den andre halvdelen var i ordinær operativ teneste i turnus. Her fekk me tilsett sjukepleiar, men vedkommande valde å seie opp stillinga si kort tid etter oppstart.

### *Genrell sjukepleiarmangel*

Først og fremst er det ei utfordring som store delar av landet opplever – det er i somme regionar/område underskot på sjukepleiarkompetanse. Det syner seg m.a. ved at t.d. Alver òg tilbyr inntil kr. 50 000,- i ekstra lønstilskot for sjukepleiarar som bind seg til 2 år. Det har over fleire år blitt varsla auke i behov innanfor pleie- og omsorgssektoren nasjonalt grunna at me vert stadig fleire eldre, og at behov ynskjer auke. Denne demografiske utviklinga vil halde fram dei næraste 10-åra. Norsk sjukepleiarforbund (NSF) peikar og på den nasjonale sjukepleiarmangelen kor det i 2021 manglar over 5000 sjukepleiarar, og at det innan 2036 vil kunne mangle 28 000 (kjelde: SSB).

### *Avstand mellom heim og arbeid*

Modalstunet rekrutterer frå ein region som er spreidd og som inneber ei avgrensa mengde sjukepleiarar. Det er om lag 15 min. køyretid frå Mo til Øvre Helland, og det er deretter min. 45 minutt å køyre til t.d. Knarvik. Bur ein i Knarvik inneber dette 2 t køyring til og frå jobb kvar dag – i tillegg til drivstoffutgifter på over kr. 3 000,-/mnd.

Frå kveldsvakt til dagvakt kan det opplevast krevjande med slik køyreavstand. I ein slik situasjon vil Modalen tape konkurransen til fordel for arbeidsplassar nærare den det gjeld.

### *Norsk sjukepleiarforbund*

I møte med Norsk sjukepleiarforbund 30.04.20 kor tema var rekruttering, peika fylkesleiar Mette Mikkelsen m.a. på følgjande tiltak Modalen kommune burde vurdere:

1. Tilby lønskav ved tilsetjing.
2. Selgje Modalen som ein naturkommune
3. Vurdere om det er aktuelle kandidatar innad i Modalen kommune
4. Tilby 100 % stillingar
5. Tilby fagutvikling
6. Avtale praksisplassar med Høgskulen på Vestlandet
7. Tilby desentralisert sjukepleiarutdanning for tilsette som ynskjer å vidareutdanne seg
8. Tilby elevar i grunnskulen å ta del på utdanningsmesser
9. Ut frå geografiske utfordringar må Modalen tenkje nytt.

Punkt 1 vert i overkant krevjande å innfri, då Modalen ikkje kan gå inn på ei løysing kor nyttilsette skal kunne bestemme si eiga løn. Punkt 2 – 8 er ivaretekne og prøvd ut. Me er no på punkt 9; tenkje nytt.

NSF peiker på at det er heiltidsstillingar, helsefremjande arbeidstidsordningar og konkurransedugande løn som gjer at tenestene skal kunne rekruttere, mobilisere og behalde sjukepleiarar i framtida.

### **Vurdering**

Rådmannen si vurdering er at det over tid har vist seg at dei tiltaka som til no har vore gjeldande med t.d. direkteplassering i 10-års ansiennitet, ikkje er tilstrekkelege. Ein har i tillegg fått eit Helsehus i Knarvik som er ein attraktiv arbeidsplass for sjukepleiarar. I vurderinga kva som skal vere strategien framover er det aktuelt å peike på 2 forhold:

1. Kva tiltak må til for å rekruttere sjukepleiarar?
2. Kva tiltak må til for å behalde sjukepleiarar?



3.

Vedtlagte rekrutteringstiltak søker å svare på begge punkt. Det er også ein faktor at me ynskjer at tiltaka skal bidra til at sjukepleiarar vurderer å etablere seg i Modalen – kanskje med partner og evt. barn.

Tiltaka er kostbare. Likevel må det vere med i vurderinga kva kostnaden vert om ein ikkje klarer å rekruttere i slik grad at sjukeheimen ikkje kan driftast innanfor lovkrav og forvarlege rammer. Og dersom ein skal gå heile vegen ut – kva er kostnaden ved å *ikkje* ha ein sjukeheim? Det vil redusere talet på arbeidsplassar og skatteinntekter, samt alle tilhøyrande effektar inn i øvrige delar av samfunnslivet i Modalen.

Rådmannen vurderer at rekrutteringstiltaka difor er forholdsmessige innanfor kva som kan vere aktuelt å prøve ut. Det er også viktig å ta med i vurderinga at dei hovudtillitsvalde vèl å stille seg bak tiltaka, sjølv om dette inneber at mange andre tilsette i den kommunale drifta ikkje får ta del.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek rekrutteringstiltak slik dei ligg føre.

### **Vedlegg:**

Rekrutteringstiltak sjukepleiarar 2021 - 2022

Lønspolitisk retningslinje for Modalen kommune